



# CAMP Svalbard



## Rapport Camp Svalbard 2014

## Innleiing

Camp Svalbard vart i år arrangert i Ymerbukta, helga 22.-24. august. Det var 14 jenter og 22 gutar, totalt 36 ungdommar i alderen 13-18 år som deltok. Hovudmålet til Camp Svalbard er at ungdom busett på Svalbard skal oppleve glede og mestring i naturen, under trygge forhold og med kompetente instruktørar. Det er i år sjette året på rad campen blir arrangert.

## Forarbeid

Informasjon om campen vart sendt ut til målgruppa gjennom skulen, på Ungdomsklubben og gjennom andre ungdomskanalar. Informasjon til nye familiar gikk via skulen eller Infotorget. Påmeldinga starta før sommarferien.

Arbeid med å samle saman ressursar, både menneskelege og materielle, starta før sommaren, og heldt på heilt fram til campstart. Informasjonsmøter og sikkerhetstkurs (våpen-trening) med alle frivillige vart gjennomført. Det vart også gjennomført eit informasjonsmøte for alle foreldre/føresette før utreise. Målet var her å sikre seg at ungdommane har med seg riktig utstyr til eige bruk.

Dagen før ungdommane kom til Ymerbukta, vart det sendt ut ein «fortropp» som valte campstad, og som transporterte og klargjorde store delar av fellesutstyret. Det er mykje utstyr og mange telt som skal settast opp, arbeidet som denne fortroppen gjør, er heilt essensiell for ein vellukka ungdomscamp!



Foto: Ingeborg Runde

## Sponsorar og samarbeidspartnarar 2014:

\*Basecamp Spitsbergen \*Henningsen  
 Transport og Guiding \*Korkpengestøtten  
 \*Longyearbyen Hundeklubb \*Longyearbyen  
 Lokalstyre, brann og redning og kultur og  
 idrett \*Longyearbyen skole \*Lufttransport  
 \*Norsk Polarinstitut \*Pole Position  
 Logistics \*Store Norske Spitsbergen  
 Kulkompani \*Sysselmannen på Svalbard og  
 kulturminneavdelingen \*Spitsbergen Travel  
 \*Svalbard Miljøvernfond \*Svalbard  
 Snøscooterutleie \* Svalbard Turn  
 \*Svalbardbutikken \*Sjøhaug Byggservice AS  
 \*Tundra Events \*UNIS \*

## Logistikk

Eit av delmåla til Camp Svalbard er å «*gi et lavterskeltilbud i forhold til krav til utstyr, kostnader og ferdighetsnivå hos den enkelte deltaker*». Det meste av utstyret som blir brukt for å arrangere Camp Svalbard, vert lånt av ulike foreningar/lag eller institusjonar i Longyearbyen. Dette har ein stor økonomisk fordel, men det krev mykje logistikkarbeid i forkant og etterkant av arrangementet.

Ungdommane, dei frivillige og utstyret som ikkje vart sendt ut med fortroppen, vart transportert til Ymerbukta med MS Langøysund.

Både ungdommar og vaksne overnatta i telt. Samlingspunktet for campen var eit messetelt. Andre telt vart også sett opp: telt til isbjørnvaktene/medisinsk ansvarleg, sikkerhetsansvarleg samt tre dotelt vart sett opp i strandsona.



Foto: Ingeborg Runde

## Sikkerhet

Ein person hadde det overordna ansvaret for sikkerheten i campen. Dette vert sett på som ei svært viktig rolle, då sikkerheita skal prioriterast først. Det var med 6 isbjørnvakter som gikk på rullerande nattevakt. I tillegg var det isbjørnvakter på alle aktivitetane på dagtid. Det var også med fire hundar, som fungerte som vakt.

Brannsløkkingsapparat og branntepper vart plassert i hovudteltet.

Det vart teikna ei skade-/uføreforsikring på deltakarane knytt til Camp Svalbard. Det var ei personskade på ein av dei frivillige, vakse. Denne personen måtte bli frakta til Longyearbyen med helikopter.

## Mat

Måltidet er ein viktig del når ein er ute og i aktivitet heile dagen, og det vert lagt vekt på at maten skal vere sunn, næringsrik og god. Det var ein matansvarleg på campen, som fikk hjelp av andre vaksne ved behov. Det vart servert havregraut og brødmatt til frukost, brødmatt til niste og eit varmt måltid til middag. Frukt og grønnsaker var tilgjengelege i matteltet heile helga. Longyearbyen Jeger- og Fiskerforening (LJFF) stilte med reinsryd som vart grilla den eine dagen.

## Program

Eitt av hovudmåla til Camp Svalbard er: «*Camp Svalbard skal være et annerledes og rusfritt møtested hvor det er tilrettelagt for glede og mestringsopplevelser i naturen under trygge forhold.*» Det vart lagt opp til eit program med mest mogeleg varierte aktivitetar, leia av instruktørar og gruppeleiarar. Ein anna viktig del av Camp Svalbard er målet om at frivillige lag og foreningar skal vere tette samarbeidspartnarar, slik at dei kan få moglegheita for å synleggjere eigne aktivitetar. Longyearbyen Røde Kors Hjelpekorps (LRKH) hadde dagsaktivitet brevandring laurdag og søndag, og Svalbard Seilforening hadde introkurs til kajakk som sin dagsaktivitet dei same dagane. Gruppene rullerte, slik at alle ungdommane var med på desse aktivitetane.

Av andre aktivitetar hadde vi førstehjelpskurs, matlaging på bål, havfisketur, salongrifleskyting, fisketur til Straumsjøen og fotokurs. Vi organiserte også fellesaktivitetar som «Capture the flag» og «Camp Challenge». I tillegg var det 4 ungdommar som vart trekt ut til å delta på Luftransport si SAR- øving laurdag. Her fikk ungdommane oppleve korleis det er å bli plukka opp frå sjøen av helikopter.

I tillegg til det oppsette programmet, er ein viktig del av det å vere på friluftliscamp å bli kjent med kvarandre, å dele telt med fleire og anna leik og moro.

Det har vore gode tilbakemeldingar frå ungdommane på aktivitetane, og på Camp Svalbard som arrangement. 22 av 35 kunne tenke seg å vere med på Camp Svalbard 2015.



Foto: David Wrangborg

### Fokus på miljø- og kulturhistorie

Fredag kveld kom ein representant frå Sysselmannen si Kulturminneavdeling for å fortelje om arbeid dei gjer inn mot kulturminne. Det vart også fortalt ei historie om André si ballongferd mot Nordpolen. Foredraget vart tatt godt imot blant ungdommane.

## Filmprosjekt og fotokonkurranse

Nytt i år, var at vi ynskjer å lage ein film om Camp Svalbard. Målet er at denne filmen kan bidra til å auke interessa for å delta på Camp Svalbard blant ungdom i Longyearbyen, samt å kunne vere ein informasjonsfilm ut mot familiar. Med støtte frå Svalbard Miljøvernfond var Falkeblikk AS vart inn til å lage denne filmen. I tillegg vart det kjøpt inn foto- og videoutstyr, slik at ungdommane sjølv fikk mogelegheit for å delta i filminga. Det vart også lagt opp til ein foto- workshop før sommarferien, samt eit filmredigerings- workshop etter at campen var ferdig.

I samarbeid med Longyearbyen Folkebibliotek, vart det arrangert ein fotokonkurranse. Hovudtemaet var «Polar glede», med undertema «Venner», «Action!» og «Natur». Målet med denne konkurransen er å auke interessa for foto, samt å etablere ei permanent fotoutstilling av vinnarbidraga i biblioteket.

Filmpremiere og kåring av vinnarar av fotokonkurransen vil skje i Kunstpause i november.

## Frivillige vaksne

Dei frivillige vaksne som er med på Camp Svalbard er heilt essensielle for at helga vert vellukka. Det vert aktivt jobba med å få tak i ressurssterke vaksne som er flinke i sine roller i campen, samtidig som dei kan vere gode rollemodellar for ungdomsgruppa.

Det var totalt 31 vaksne som deltok på campen, der 26 av desse var frivillige. Rollefordelinga var som følger: 3stk i styregruppa (campkoordinator, utstyr/logistikkansvarleg og sikkerhetsansvarleg), 8 gruppeleiarar, 1 matansvarleg, 1 medisins ansvarleg, 6 isbjørnvakter, 8 instruktørar frå lag/foreiningar, 1 representant frå Padleforbundet, 1 ansvarleg for foto/film prosjekt, 1 miljøansvarleg (helsesøster) samt 1 representant frå Kulturminneavdelinga.

## Konklusjon

Camp Svalbard 2014 vart eit svært vellukka arrangement! Mykje av dette skuldast det gode været, men også god planlegging i førevegen av camphelga. Det var gode tilbakemeldingar frå ungdommane sjølve, dei frivillige og føresette. Logistikkmessig var det positivt å arrangere campen i Ymerbukta også i år. Camp Svalbard 2015 vil bli arrangert på ein ny plass.



Foto: Falkeblikk AS